

Vinter / vår 2005

Arrangement:	Dato:	Mnd:	Ansv:
Tall Ship-speling i Måløy	14.	mai	Styret
Nasjonaldag	17.	mai	Styret
Musikkstemne Ålesund	3. til 5.	juni	
Sesongavslutning	17.	juni	Styret
Øvingshelg med innstruktør	9. 10. og 11.	sep.	Johan W
Basar med 85-års-feiring	6.	nov.	Styret
Stormfestival 2006	8. 9. og 10.	sep	2006

Skal delta på musikkstemne i Ålesund

Helga 2. til 5. juni skal Torskangerpoll Musikklag delta på musikkstemne i Ålesund. Det blir fem korps som skal delta, fire frå Ålesundområdet pluss Torskangerpoll Musikklag. Korpsa som skal

vere med er; Ellingsøy Hornmusikk, Fiskarstrand Musikkorps, Musikklaget Hjallarhorn, Langevåg Musikkorps og Ålesund Ungdoms Musikkorps.



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss VANNRETT
 1 Ro
 5 Blomst
 6 Fryser

LODDRETT
 1 Ledig
 2 Skryt
 3 Svulme
 4 Adverb

	1	2	3	4
1				
5				
6				

God 17. mai

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

nr. 5

12. årgang

Laussal: Gratis

mail 2005

Flott kyrkjekonsert



"Hallelujakoret" var det absolutte høgdepunktet då Torskangerpoll Musikklag og Kvalheim Songlag heldt ein vakker og variert vårkonsert i Nord-Vågsøy kyrkje laurdag 16. april. I det fine vårvêret var det ikkje så veldig mange som hadde funne vegen til kyrkja på Raudeberg laurdag ettermiddag. Men dei som kom fekk ei vakker og stemningsfull oppleving. Dette skreiv Fjordenes Tidende etter konsert-



en. Leiar i korpset, Johan Wåge, er godt fornøgd med samarbeidet med Kvalheim, resultatet og responsen etter konserten.

www.torskangerpoll.no



Vårstemning på Frelsesarmeen

Torskangerpoll Musikklag spelte på Frelsesarmeen sin vårfest fredag 22. april. Korpset spelte ei avdeling. Og så var det sjølv-sagt lotteri med heldige vinnarar og god stemning. Og så var det servering av god mat, kaffi og saft. Her er nokre glimt frå festen.



17. mai for Torskangerpoll Musikklag

07.15: Oppmøte i Oppedal.
 07.30: Speling på lastebil ulike stader.
 11:15: Oppmøte grendehuset i Vågsvåg.
 Folketog saman med Holvik skulekorps.
 14.45: Oppmøte skulen i Holvik. Folketog saman med Holvik skulekorps.



TPM fornyer av uniformene

Denne våren har mange teke mål for å få nye uniformer, og korpset har bestemt å gjere eit skikkeleg løft slik at vi slepp at nokon må ha svart bukse, eller i verste fall dress. Mykje pengar koster dette, så vi håper på gode inntekter på våre arrangement i tida framover.

TPM 85 år

La oss ikkje gløyme at det er jubileum i år. Heile 85 år er korpset blitt, og vi vil kome tilbake til feiring i samband med haustens basar.

Stormfestival hausten 2006

Ei gruppe i korpset vil så smått begynne å sjå på muligeitane å få til ny stormfestival hausten 2006. Vi begynner i god tid, og håper på at det blir laseggjennomførligbart, som han Ivar sa.

Firma som ikkje sponsar oss:

